



Forslag til budsjett for Hyperion i 2008

Innstilling frå Forbundsstyret

	REV1 2007	2008
1 Inntekter		
1.1 Generelle inntekter		
1.1.1 Statsstøtte – driftstilskot	1 938 000	1 950 000
1.1.2 Statsstøtte – internasjonalt arbeid	0	0
1.1.3 Medlemskontingent	465 000	480 000
1.1.4 Administrasjonsandel Frifond	50 000	70 000
1.1.5 Sal av varer	5 000	5 000
1.1.6 Momskompensasjon	140 000	150 000
1.1.7 Utleige	35 000	15 000
1.1.8 Andre inntekter	5 000	5 000
Sum	2 638 000	2 675 000
1.2 Prosjektbaserte inntekter		
1.2.1 Fantasifestivalen	350 000	355 000
1.2.2 Pegasus	150 000	150 000
1.2.3 Det Store Systemet	0	150 000
Sum	500 000	655 000
1.3 Andre inntekter og støtteordninger		
1.3.1 Finansinntekter	5 000	5 000
1.3.2 Frifond	1 472 857	1 472 857
Sum	1 477 857	1 477 857
2 Utgifter		
2.1 Organisasjonell drift		
2.1.1 Landstinget	300 000	320 000
2.1.2 Forbundsstyret	90 000	100 000
2.1.3 Arbeidsutvalet, komitear og arbeidsgrupper	65 000	75 000
2.1.4 Reise, diett og representasjon	95 000	100 000
2.1.5 Internasjonalt arbeid	10 000	10 000
2.1.6 PR og Informasjonsarbeid	95 000	150 000
Sum	655 000	755 000
2.2 Administrativ drift		
2.2.1 Husleige	75 000	75 000
2.2.2 Infrastruktur	90 000	90 000
2.2.3 Personalkostnader	735 000	615 000
Sum	900 000	780 000
2.3 Aktivitet og medlemstilbod		
2.3.1 Fantasifestivalen	485 000	535 000
2.3.2 Pegasus	355 000	440 000
2.3.3 Det store systemet	95 000	190 000
2.3.4 Utleigeordninga	75 000	60 000
2.3.5 Kurs- og seminarverksemd	120 000	180 000
2.3.6 Andre prosjekt	0	20 000
2.3.7 Frifond	1 242 857	1 222 857
2.3.8 Prosjektfond	180 000	180 000
Sum	2 552 857	2 827 857
2.4 Andre kostnader		
2.4.1 Avskrivningar	50 000	50 000
2.4.2 Forsikringer	35 000	35 000
2.4.3 Kontingenter	15 000	15 000
2.4.4 Tap på fordringar	20 000	10 000
2.4.5 Anna	30 000	30 000
Sum	150 000	140 000
2.5 Finanskostnader		
2.5.1 Revisor- og rekneskapstenester	70 000	70 000
2.5.2 Finanskostnader	5 000	5 000
Sum	75 000	75 000
Resultat		
1 Inntekter	4 615 857	4 807 857
2 Utgifter	4 332 857	4 577 857
Sum	283 000	230 000
Resultatgrad	6,13%	4,78%

Det er dissens i innstillinga for post 2.2.3 Personalkostnader. Sjå notene for detaljar.



Noter og forklaringer til budsjett

Her er det definert kva dei ulike postane i budsjettet inneheld, og i nokre tilfeller korleis utrekninga er gjort.

1.1 Generelle inntekter

1.1.1 Driftstilskot

Denne støtta blir fordelt av Barne- og Likestillingsdepartementet basert på reglar fastsett i eit nytt støttereglement. Nøyaktig tildeling er uklar då departementet vil innføre eit nytt reglement. Søknadsfristen var opprinneleg september 2007, men er utsatt til februar 2008. Fram til ny fordeling er klar i fyrste halvår 2008, får vi tildelt 80% av 2007-nivå, med 50%-utbetaling av dette i februar.

1.1.2 Internasjonalt arbeid

Vi har byrja å samle opp poeng for å få internasjonal grunnstøtte, vi får ikkje uttelling for dette før neste budsjettår.

1.1.3 Medlemskontingent

Medlemskontingenten er samla inn frå medlemsforeiningene. Det fastsette beløpet ført opp i budsjettet blir delt på foreiningene som definert i sak 7 på Landstinget.

1.1.4 Administrasjonsandel Frifond*

Vi tek idag 5% av Frifond-midla i administrasjon. Dette er maksimum av tillate sum, og prosentsatsen blir fastsett i sak 8 på Landstinget.

1.1.5 Sal av varer

Denne posten er i hovudsak sal av Hyperion-effektar.

1.1.6 Momskompensasjon

Staten har ei ordning som skal kompensere frivillige organisasjonar for økte kostnader knytta til meirverdavgiftreformen. Hyperion er plassert i ei særskild god klasse som gjer at vi får meir refundert enn utgiftene våre er. Regjeringa har bevart nivået til ordninga i statsbudsjettet for 2008, og gjeve signalar om likt nivå for 2009. Etter 2009 vil det derimot vere nye reglar, som foreslått av Kulturmomsutvalet.

1.1.7 Utleige

Utleigeordninga er populær, og inkluderer alt frå utleige av bil, PA-anlegg, samband og anna utstyr til trykkesjenester, posttenester og andre tenester Hyperion kan levere.

1.1.8 Andre inntekter

Andre småinntekter som til dømes vaksenopplæringsmidler.

1.2 Prosjektbaserte inntekter

1.2.1 Fantasifestivalen

Fantasifestivalen er fastsett som aktivitet i Programmet. Dette punktet inkluderer alle inntekter for festivalen, frå billettsal til varesal og støtteordningar.



1.2.2 Pegasus

Pegasus er fastsett som medlemsblad i Programmet. Posten inkluderer alle inntekter for medlemsbladet, frå annonsesal til diverse støtteordninger.

1.2.3 Det Store Systemet

Det Store Systemet er definert i Programmet som eit system Hyperion skal jobbe for å selge vidare til andre organisasjonar i Noreg. Det leggast her (saman med post 2.3.3 DSS-utgifter) opp til eit ambisiøst inntektsskapande grunnlag, til dømes via aktivt videresal av systemet til andre foreiningar.

1.3 Andre inntekter og støtteordningar

1.3.1 Finansinntekter

Dette er renter, gebyr vi fakturerer og overskot frå kortsiktige pengemarkedsfont.

1.3.2 Frifond

I 2008 får vi tildelt frifondmidler basert på søknadsåret 2007 og medlemstalet i 2006. Vi søker på vegne av alle medlemsforeiningar i Hyperion.

Utgifter

2.1 Organisatorisk drift

2.1.1 Landstinget

Posten dekker Landstinget 2008 med reise, lokale, mat og liknande utgifter.

2.1.2 Forbundsstyret

Posten dekker Forbundsstyret sitt arbeid med reiser og møter. Herunder ligg òg reise og opphald for Desisjonskomiteen og Valkomiteen når det er Forbundsstyremøter.

2.1.3 Arbeidsutvalet, komitear og arbeidsgrupper

Denne nye posten skal dekke komitear og arbeidsgrupper nedsett av Forbundsstyret og Arbeidsutvalet. Døme på slike utval er Tildelingsutvalet. Denne posten dekker òg mat og kostnadar knytta til dugnadar og andre særskilde arbeidsinnsatsar.

2.1.4 Reise, diett og representasjon

Posten skal dekke det meiste av reiser som ikkje er knytta til arrangement og møter som har egne postar i budsjettet.

2.1.5 Internasjonalt arbeid

Reisekostnadar til våre søsterorganisasjonar og andre internasjonale aktivitetar.

2.1.6 PR og informasjonsarbeid

Denne posten inkluderer trykk, grafisk arbeid pluss PR- og informasjonsarbeid. Deler av løna til informasjonssekretæren er overført til denne posten.



2.2 Administrativ drift

2.2.1 Husleige

Denne posten inkluderer husleigekostnader knytta til lokala i Mariboegate 4/Møllergata 28 som vi leiger frå Elevorganisasjonen.

2.2.2 Infrastruktur

Desse kostnadane er telefoni, porto, rekvisita og andre infrastrukturkostnader til kontoret.

2.2.3 Personalkostnader

Her finn du utgifter til frikjøp, løn, avgifter og andre utgifter knytta til personalet som er lønna for fast innsats på kontoret. Det er satt av ein måned overlappsløn til Generalsekretær, som blir overført til bonus om Generalsekretæren tek gjenvæl. Lønsvået blir justert kvart år i tråd med staten sine lønstrinn.

Usamde, fleirtalsinnstilling

Fleirtalet i Forbundsstyret innstiller på at Generalsekretæren skal ha likt lønsvå som Arbeidsutvalsmedlem, med grunnløn 204.000kr.

Usamde, mindretalsinnstilling (Leiar Erlend Bruer, Jonas Lepsøy, Nichlas Dalstein, Jens Ådne Rydland og Caesar Qvennerstedt)

Mindretalet i Forbundsstyret innstiller på at Generalsekretæren skal ha differensiert lønsvå enn Arbeidsutvalsmedlem, kor Arbeidsutvalsmedlem og Leiar har grunnløn 204.000kr medan Generalsekretæren har grunnløn 232.600kr.

2.3 Aktivitet og medlemstilbod

2.3.1 Fantasiestivalen

Fantasifestivalutgiftene inkluderer alt frå planlegging til festivalen og etterarbeid med avslutting for funksjonærene. Delar av informasjonssekretæren sin lønspost er overført til post 2.3.1 sidan den faste stillinga er avvikla.

2.3.2 Pegasus

Budsjettposten til Pegasus inkluderer no delar av informasjonssekretæren sin lønspost sidan stillinga er avvikla. Budsjettposten legg ikkje opp til at det skal vere ei masseutsending, det er opp til seinare vedtak om detaljbudsjett for slike detaljar.

2.3.3 Det store systemet

Denne posten skal gå til alle utgifter i utviklinga og driftinga av Det Store Systemet i 2008.

2.3.4 Utleigeordninga

Denne posten inkluderer både nyinvestering av utstyr, vedlikehald av eksisterande utstyrpark, inkludert Hypermobilen, og kostnader tilknytta til leigeaktiviteten.

2.3.5 Kurs- og seminarverksemd

Her er tidlegare postar som LLK, Kurs og konferanser og liknande samla. Denne posten inneheld medlemstilboda i form av kurs og anna opplæring.

**2.3.6 Andre prosjekter**

Midler som kan nyttast til andre prosjekt som ikkje til no er fastsatt.

2.3.7 Frifond*, 2.3.8 Prosjektfond*

Utbetaling av frifond skjer frå denne budsjettposten. Posten er knytta tett med 2.3.8, 1.3.2 og 1.1.4. Prosjektfondet er til for å skape nye aktivitetar i miljøa som Hyperion representerer. Sjå eiga sak på Landstinget for meir informasjon.

* = Beløpet blir ikkje endra i budsjettet, men i eigne sakar på Landstinget